



Universitetet
i Stavanger

FAKULTET FOR UTDANNINGSVITENSKAP OG HUMANIORA

BACHELOROPPGÅVE

Studieprogram:

Lektorutdanning for trinn 8-13. Fordjupning historie.

Forfatter:

Johanne Malene Ekeland Valvatne

Kandidatnummer: 9532

Rettleiar:

Eva Jakobsson

Tittel på bacheloroppgåva:

«Det seksuelle spørsmål» -

Ein studie av haldningar til seksualitet i stønadslitteratur laga av lærarar i perioden 1915 – 1930.

Tal ord:8205.....

Tal vedlegg/anna:2.....

Stavanger, ...17/05/2022.....
dato/år

Innholdsliste

| | |
|---|-----------|
| 1. INTRODUKSJON..... | 3 |
| 1.1 PROBLEMSTILLING OG BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA..... | 3 |
| 1.2 TIDLEGARE FORSKING..... | 3 |
| 2. TEORI, METODE OG KJELDER..... | 5 |
| 2.1 AVGRENSING..... | 5 |
| 2.3 TEORI OG METODE..... | 6 |
| 2.3.1 Teori..... | 6 |
| 2.3.2 Metode..... | 7 |
| 2.4 KJELDER..... | 8 |
| 3. EI BRYTNINGSTID..... | 11 |
| 4. EMPIRI OG ANALYSE..... | 13 |
| 4.1 FORPLANTNING OG PREVENSJON..... | 13 |
| 4.1.1 Forplantning..... | 13 |
| 4.1.2 Prevensjon..... | 15 |
| 4.2 EKTESKAP OG FORELSKING..... | 16 |
| 4.3 SEKSUALDRIFT OG ONANI..... | 18 |
| 4.3.1 Seksualdrift..... | 18 |
| 4.3.2 Onani..... | 19 |
| 4.4 KJØNNSROLLER..... | 21 |
| 4.5 VENERISKE SJKDOMMAR..... | 23 |
| 5. KONKLUSJON – KUNSTEN Å BALANSERA PÅ EIN KNIVSEGG..... | 24 |
| KJELDER..... | 27 |
| LITTERATUR..... | 27 |

1. Introduksjon.

1.1 Problemstilling og bakgrunn for val av tema.

Seksualitet er noko som alltid har vore eit emne prega av forundring og spenning, men også tabu og skam. Det har vore, og er framleis mange ulike oppfatningar om i kva for grad ein skal snakka om seksualitet. I dag er seksualitet dessutan knytt til samliv, kjønn og seksuell orientering. Det er eit emne som stadig vert diskutert opent både fagleg og elles i samfunnet, men slik har det ikkje alltid vore.

I denne oppgåva skal eg sjå nærmare på ulike framstillingar av og haldningar til seksualitet i eit historisk perspektiv. Den periodiske avgrensinga er 1915 - 1930. Eg vil undersøkje kva som kunne formidlast og kva som ikkje kunne formidlast innanfor denne tidsavgrensinga. Dette gjer eg gjennom å analysere ulike stønadslitteratur¹ laga av ei yrkesgruppe der seksualitet, i alle fall etter dagens standard, er eit naturleg tema; nemleg lærarar. Grunnen til at eg valde dette temaet for mi oppgåve er at eg ynskjer å undersøkje korleis utviklinga har vore innanfor dette feltet og korleis ei slik openheit som finst i dag har vekse fram over tid.

Vidare skal eg sjå på kva som finst av tidlegare forskning, gjera greie for mitt teoretiske grunnlag, mine metodiske val og kjeldegrunnlag. Eg vil også gjera greie for den historiske konteksten for perioden, før eg vil taka føre meg stønadslitteraturen, bearbeida innhaldet og samanlikna dei.

1.2 Tidlegare forskning.

Problemstillinga er eit bidrag til eit breitt forskingsfelt der det eksisterer mykje ulike forskning, då seksualitet er eit emne som rører ved mange ulike disiplinær slik som historie, medisin, psykologi og litteraturvitskap for å nemne nokon. I arbeidet med denne oppgåva har eg sett at det finst noko forskning som ligg nært opp mot det denne oppgåva tematiserer. Eg har primært sett på norsk, og noko svensk, forskning, sjølv om det naturlegvis finst mykje internasjonal forskning innan feltet.

For meg var forskinga gjort av Øystein Skundberg særleg viktig. I doktorgradsavhandlinga si *"Du skal have agtelse for dit eget lille legeme" Barn og unges seksualitet i tekster om*

¹ Omgrepet *stønadslitteratur* vert diskutert og definert under 2.4 kjelder.

oppdragelse 1792-1952,² nytter han noko av det same kjeldegrunnlaget som eg nytter i denne oppgåva. Her undersøker Skundberg korleis ulike tekstar innanfor perioden har betrakta seksualiteten til barn og unge, korleis forfattaren sin fagdisiplin har påverka synet på dette, og korleis det har vore i endring i takt med utvikling i ulike delar av samfunnet. Skundberg konkluderer med at det finst ulike diskursordenar som ein kan lesa ut frå dei ulike tekstane, mellom anna *den pedagogiske diskursorden*. Skundberg definerer det som tekstar som fokuserer på barnet si utvikling og dannelsesprosess, og der seksualiteten vert betrakta som noko formbart som kan skulerast inn i normer.³ Vårt fokus er ulikt. Der Skundberg fokuserer på haldningar til barn og unge sin seksualitet, fokuserer eg på generelle haldningar som kan trekkast ut av klasserommet og overførast til større delar av samfunnet. Skundberg har også skrive ein artikkel som handlar om *Sundhetslære for unge kvinner*.⁴ I artikkelen ser han på korleis boka har påverka skulen si tilnærming til ungdomstid og seksualitet. Han konkluderer med at boka var eit pedagogisk gjennombrot, samstundes som den var sterkt ideologisk prega i samband med kvinnefrigjeringa og opplysing.⁵

Den svenske lingvisten Gunilla Byrman har også gjort forskning som er interessant for denne oppgåva. I boka *Försiktighetsmått: Text, genus och ideologi i preventivmedelsbroschyrer 1886-1995* undersøker ho korleis svenske brosjyrar om prevensjon har framstilt koplingar mellom prevensjon, sosial velferd og politisk ideologi. Byrman er som nemnd ein lingvist, og boka er fyrst og fremst ei strukturert behandling av sakprosa, med særskilt fokus på sjangertrekk, formuleringar og retorikk. Boka er dermed litteraturvitskapleg, men den er likevel relevant sjølv om den ikkje er konkret historisk. Særleg avslutninga hennar er interessant. Der har Byrman ei meir historiserande tilnærming til tekstane og ser nærare på dei ulike ideologiske perspektiva, og gjer greie for ei utvikling i dei ettersom åra går. Byrman ser særleg ei kopling mellom prevensjon, sosial velferd og politisk ideologi fram til 1926.

² Øystein Skundberg, «Du skal have agtelse for ditt eget lille legeme»: *Barn og unges seksualitet i tekster om oppdragelse 1792-1952* (Doktogradsavhandling, Høgskolen i Innlandet, 2018). Kari Telste har skrive boka *Det rare: Jenter og seksualitet gjennom 100 år*. Denne boka er ei populær tematisering av noko av det same som Skundberg er inne på.

³ Skundberg, «Du skal have agtelse for ditt eget lille legeme», s.50.

⁴ Kristiane Skjerve, *Sundhetslære for unge kvinner*. (Kristiania: H. Aschehough & Co, 1916).

⁵ Øystein Skundberg, ««Hva jenter må vite»: Kristiane Skjerve, Sundhetslæren og jenters seksualitet» henta 2. februar 2022 frå <https://utdanningsforskning.no/artikler/2018/hva-jenter-ma-vite-kristiane-skjerve-sundhetslaeren-og-jenters-seksualitet/>.

Det må også nemnast at det finst mykje forskning på utdanningshistorie, som denne oppgåva også rører ved. Likevel er seksualitet og seksualundervisninga sin historie som tematikk, fråverande eller i svært liten grad tematisert.⁶

2. Teori, metode og kjelder.

2.1 Avgrensing.

Ei bacheloroppgåve har eit avgrensa tal ord til råde for å behandla problemstillinga si. Av omsyn til oppgåva sitt omfang er det difor naudsynt å gjera ei avgrensing og dermed prioritera og velja ut sentrale element som skal behandlast, men også velja ut kva som må utelatast.

Då eg fyrst starta arbeidet med problemstillinga mi var eg innom fleire yrke som kunne vera relevante å undersøkje når det gjaldt haldningar til seksualitet, då dei i dag er yrke som har seksualitet som eit naturleg emne i arbeidet sitt, slik som til dømes sjukepleiarar. Etter vidare arbeid såg eg at arbeidsmengda ville vorte for stor dersom ein inkluderte fleire enn eitt yrke. Eg antek at tekstane knytt til læraryrket i større grad gjev uttrykk for haldningar i samfunnet enn det tekstane knytt til sjukepleia gjer. Ettersom lærarar arbeider med born og unge si utdanning, står dei ansvarlege for å vidareformidla informasjon, kunnskapar og haldningar til dei neste generasjonane. Ettersom skulen er ein offentleg institusjon, er det haldningar som er representative og gjeldande for samfunnet i det aktuelle tidsrommet, som skal formidlast i skulen. Ansvarer lærarar har ved å formidla desse samfunnsverdiane gjer det ekstra interessant, og det passa soleis betre inn med mi problemstilling.⁷ Valet fall difor på å berre behandla stønadslitteratur som kunne knytast opp til læraryrket.

Stønadslitteraturen eg har vald ut er publisert i Noreg mellom 1915 og 1930. Ved å studera stønadslitteratur som er publisert i denne perioden, kan det gjeva eit bilete av korleis den

⁶Korkje Reidar Myhre eller Kari B. Tønnesen, som har skrivne dei bøkene eg har nytta for bakgrunnskunnskapar om norsk utdanningshistorie, tek opp dette. Myhre nemner likevel i den historiske konteksten for kapittelet om 1890-1940 at utfordrande seksualitet vart sentralt i mellomkrigsstida, men dette er ein generell merknad, og ikkje direkte knytt til seksualopplysning.

⁷ Seksualitet er også tematisert hjå sjukepleiarane, men har eit meir klårt medisinfagleg perspektiv enn hjå lærarane. Fokuset er i stor grad på å forklara anatomi, termar og behandlingar enn å gje uttrykk for samfunnsmessige haldningar. Likevel er det også element av dette i nokre lærebøker. For t.d. haldningar til kjønssjukdommar på 1940-talet, sjå Niels Danboldt. *Lærebok for sykepleiersker bind III: Kjønnssykdommer*. (Oslo: Fabritus, 1941).

fyrste delen av 1900-talet såg ut når det gjaldt normer til seksualitet, og me kan sjå på om denne perioden kan seiast å ha vore ei brytningstid som leia opp til innføringa av den formelle seksualundervisninga i 1939.

2.3 Teori og metode.

2.3.1 Teori.

I oppgåva vert det nytta nokre omgrep som kan romma mange ulike definisjonar, og det er difor naudsynt å definera kva eg meiner med dei i denne samanhengen. *Seksualitet* er ein heilt sentral tematikk i denne oppgåva. Omgrepet er problematisk å definera, då det er eit omgrep som vert sterkt prega av ulike faktorar slik som kultur, tid og stad. Vår 2022-definisjon av omgrepet er lite truleg den same som til dømes i 1922. I kjeldematerialet som eg har undersøkt er ordet «seksualitet» nytta i lita grad.⁸ Forfattarane nyttar mange ulike omgrep slik som *forplantning*, *seksualhygiene*, *driftsliv* osv. for å definera det som me i dag ville ha samla under eitt omgrep. I denne oppgåva vert desse omgrepa som kjeldematerialet nyttar inkluderte i *seksualitet*, og ordet omfattar soleis både sex, reproduksjon, anatomi, helse, kjønn, legning, kjensler, lyst, erotikk o.l. Det er også viktig at ein gjer ein distinksjon mellom *sex* og *seksualitet*. Seksualitet må forståast meir som ein psykologisk idé, enn noko utelukkande fysiologisk slik *sex* er. Dermed må *seksualitet* forståast her som alt det som har med både dei emosjonelle og fysiologiske sidene ved kjønslivet å gjera.

Denne oppgåva har, då den handlar om haldningar knytt til seksualitet, eit seksualhistorisk teoretisk grunnlag. Innanfor dette feltet, er den franske filosofen Michel Foucault viktig, og han er difor eit sentralt namn. Hans verk, *Seksualitetens historie*, og refleksjonane han kjem med der, er sentrale for å forstå denne oppgåva. Her argumenterer Foucault for at ein må betrakta seksualitet som noko som er tidlaust, i kraft av at det har eksistert i alle tider, men at det samstundes er dynamisk. Han påstår at kvar tid formar sin seksualitet, og at det difor må betraktast som noko som er prega av samtidas maktstrukturar og kulturforståing.

Seksualiteten er dermed i stadig endring i takt med utviklinga i desse. Vidare poengterer Foucault at seksualitet har vore noko gøymd og hemmeleg.⁹ I mi oppgåve ser eg etter korleis

⁸ «Pedagogen» nyttar ordet i somme høve, men innhaldet i omgrepet er annleis enn i dag.

⁹ Michel Foucault, *Seksualitetens historie 1: Viljen til viten*. Overs. Espen Schanning (Halden: EXIL, 1995 (1976)).

perioden sine maktstrukturar og kultur har satt sitt avtrykk i samfunnet og synt seg gjennom den normative stønadslitteraturen.

Pia Laskar er ein svensk professor i idéhistorie og dosent i kjønnsvitenskap.¹⁰ I boka hennar *Ett bidrag till heteroseksualitetens historia: Kön, sexualitet & njutingsnormer i sexhandböcker 1800-1920*, ser ho på kvifor menneske vert heteroseksuelle, og korleis heteroseksuell omgang vart framstilla i ulike sexhandbøker mellom 1800 – 1920. Forskinga til Laskar er i hovudsak sentrert rundt ei tidsavgrensing som ligg utanfor mi, men ho er også innom min periode. Hennar forskning, både metodisk i form av hennar studie av ulike bøker sine framstillingar av seksualitet, men framfor alt hennar betraktningar om ekteskapet som ein seksualitetsregulerande kontrakt, er eit viktig teoretisk grunnlag for mi oppgåve.¹¹ Ein sentral del av menneskeleg seksualitet er kjensler og forelsking. Ekteskapet har i lange tider vore den svorne staden for å syna desse kjenslene. Slik Laskar skildrar det, kan ein seia at ekteskapet vart sett på som «könsdriftens kontrakt»; ein måtte regulera seksuallivet til menneske av motsett kjønn på, gjennom ein sosial kontrakt, nemleg ekteskapet.¹²

2.3.2 Metode.

Denne oppgåva er ein tekstkritisk studie der eg skal samanlikna ulik stønadslitteratur som på forskjellige vis rører ved seksualitet som tematikk. Stønadslitteraturen har mange ulike undertematikkar som dei behandlar. Sjølv om eg går i djupna på ein del av dei, må somme delar av bøkene unnlatast, slik som til dømes syn på homofili og prostitusjon, då det ikkje er rom for å behandla alle tematikkane på ein tilfredstillande måte i ei så kort oppgåve.

I kjeldemateriale ser eg etter ulike omgrep som går under min definisjon av seksualitet, slik som:

- Forplantning og prevensjon
- Forelsking og ekteskap
- Seksualdrift og onani
- Kjønnroller
- Veneriske sjukdommar

¹⁰ Statens historiska museer, u.d. «Pia Laskar» henta 20. April 2022 frå <https://shm.se/pia-laskar/>.

¹¹ Pia Laskar, *Ett bidrag till heterosexualitetens historia*. (Stockholm: Modernista, 2005), s.70.

¹² Laskar, *Heterosexualitetens historia*, s.70.

Arbeidet med kjeldematerialet vil gå føre seg tematisk og ikkje kronologisk, då eg ser det som meir føremålstenleg å sjå dei utvalde kjeldene mot kvarandre i tematikk enn i eit tidsperspektiv, då det er haldningane innanfor perioden som bøkene gjev uttrykk for, og ikkje nødvendigvis det eksakte årstalet dei er skrivne i som er viktig. Eventuelle kronologiske merknadar av verdi vil verta behandla der det høver seg. Dei nemnde omgrepa som eg ser etter i kjeldematerialet vert soleis den tematiske inndelinga. Innanfor kvart tema vil eg sjå på kvar primærkjelde isolert for seg sjølv, for deretter å gjera ei samanlikning, og sjå på kva samanfallande haldningar, eller distinksjonar som kan lesast ut frå dei.

2.4 Kjelder.

Som nemnd er kjeldematerialet mitt det som eg i denne oppgåva har vald å kalla for *stønadslitteratur*. Dersom ein deler opp ordet, kjem tydinga som det har i denne oppgåva betre fram; *stønad* og *litteratur*. Altså er det litteratur som er utgiven som ein stønad til noko. Litteraturen er brosjyrar, bøker, pamflettar o.l. fylde med fakta, informasjon og/eller metodikk som er publisert med siktemål om å vera eit supplerande bidra til ein eksisterande debatt. I denne samanhengen er det bøker som er utgivne som eit tillegg til ein debatt, men også som eit tillegg til eksisterande læreverk/undervisningsopplegg der ein ser manglar. Litteraturen er ein stønad til diskursen, og derav omgrepet *stønadslitteratur*.¹³

Det finst mykje stønadslitteratur som på ulike måtar tematiserer seksualitet. Eg har gjort eit lite utval ved å velja ut to kjelder.¹⁴ Ein konsekvens av dette valet er at størsteparten av eit presumptivt kjeldematerial vert utelate frå oppgåva, og dei perspektiva som står i desse tekstane, som også er interessante, ikkje vil verta framstilte i dette høve.¹⁵ Likevel er det føremålstenleg å gjera eit slikt lite utval då eg kan fokusera på dei i større grad enn om eg hadde valt ut fleire kjelder. På den måten kan eg gå meir i djupna på innhaldet i dei utvalde kjeldene.


¹³ Omgrepet «Stønadslitteratur» henter eg frå ««Ett genusperspektiv är förstås också mycket viktigt»: en diskursanalys av normer och värden i Skolverkets stödsmaterial för sex – och samlevnadsundervisning i historia» av Klara Eldforsen og Anna Johansson. Der nyttar dei omgrepet *stödsmaterial*.

¹⁴ Kjeldene er: Skjerve, *Sundhetslære for unge kvinder* og «Pedagogen», *Seksuallivet: råd og veiledning*, (Oslo: Fabritius og sønner forlag, 1926).

¹⁵ Det er gitt ut mange bøker som også kunne vore interessante å sjå på her, slik som mellom anna *Sundhetslære for kvinder* av N.A. Quisling i 1914, eller *For og mot prevensjonen: dør det norske folk ut* utgitt av Norges kirkelige landslag.

Eg har vald to bøker som mitt primærkjeldematerial for denne oppgåva. Desse er:

- *Sundhetslære for unge kvinder* (1916) av Kristiane Skjerve
- *Seksuallivet: råd og veiledning* (1926) av en pedagog



Figur 1 og 2: Bilete av begge bøkene. Henta frå Nb.no.

Eg valde *Sundhetslære for unge kvinner* då eg las om Kristiane Skjerve i *Det rare: Jenter og seksualitet gjennom 100 år*.¹⁶ Den andre boka vart funne gjennom eit tids- og emneavgrensa søk etter stønadslitteratur i Oria der *Seksuallivet: råd og veiledning* dukka opp. Eg oppdaga at korkje Skundberg eller Telste hadde nytta den, og tenkte at det ville vera eit interessant nytt perspektiv.

Sundhetslære for unge kvinder (1916),¹⁷ vart skriven av lærarinna Kristiane Skjerve. Det er ikkje meg kjend skrive mykje bibliografisk om Skjerve, men i følge Anna Sethne i *Noregs Kvinder* i 1925,¹⁸ var ho ei norsk lærarinne, men busett i California då boka vart utgitt. Boka vart til som eit svar på ein konkurranse utlyst i 1912 av *Norske Kvinners Nasjonalråd (NKN)*, kvar mellom anna kvinnesaksforkjemparane Katti Anker Møller og Gina Krogh var sentrale aktørar. Konkurransen etterlyste lærebøker som tematiserte seksualopplysning, og Skjerve sitt bidrag vann.¹⁹ I innleiinga hennar, gjev ho ei forklåring på kvifor denne boka var naudsynt. Skjerve skriv: «Det seksuelle spørsmål og alt hvad dermed staar i forbindelse, har i den

¹⁶ Kari Telste, *Det rare: Jenter og seksualitet gjennom 100* (Oslo: Schibsted Forlagene, 2005).

¹⁷ Boka vart skriven i 1914 då den vart tilkjend prisen, men fyrst utgjeven i 1916.

¹⁸ Anna Sethne var ein norsk pedagog og fagforeiningsleiar.

¹⁹ Jenssen & Lønnå, *Katti Anker Møller: En biografi* (Oslo, Pax forlag, 2021), s.162. *Sundhetslære for unge kvinder* vart utgiven i mage opplag og vart revidert fleire gonger. Eg nyttar den fyrste utgåva.

senere tid trængt sig frem til at bli et samfundsspørsmål og et pædagogisk spørsmål av den største viktighet.»²⁰ Her anerkjenner Skjerve at spørsmål knytt til seksualitet, også er av pedagogisk verdi, og at det dermed må behandlast deretter.

Seksuallivet: råd og veiledning (1926) er ei bok utgiven av ein anonym pedagog. Den anonyme pedagogen har også gitt ut ei bok til: *Ungdommen i utviklingsalderen* (1931). I den står det at den må sjåast som eit vedlegg til *Seksuallivet*. Sjølv om ein ikkje med sikkerheit kan stadfesta at forfattere er den same, ser eg det som høgt truleg då det vert understreka at bøkene må sjåast i ein samheng.²¹ Forfattere av bøkene har vald å publisera dei anonymt under pseudonymet/stillingstittelen *En pedagog*. Ein kan ikkje med sikkerheit seia kvifor forfattere har vald å unnlata å nytta namnet sitt, men slik eg ser det kan det vera eit uttrykk for at seksualitet var noko som var vanskeleg å tala offentleg om, og at forfattere av den grunn ikkje har villa signera med namn, for å unngå assosiasjon med publikasjonane. For å gjera det klårare å forstå kven som vert omtalt i teksten, og at det ikkje kan forvekslast med stillingstittelen *pedagog*, vil forfattere av desse bøkene verta referert til som «Pedagogen» frå no.²² Anonymiteten gjer også at forfattere sitt kjønn er vanskeleg å fastslå. For å ikkje tillegga «Pedagogen» eit bestemt kjønn, og dermed kanskje også eit forventet verdsett, har eg vald å omtala «Pedagogen» med det kjønnsnøytrale pronomenet «hen».

Både Kristiane Skjerve og «Pedagogen» var begge pedagogar på starten av 1900-talet. Eit fellestrekk for publikasjonane er difor at dei vart skrivne av personar som arbeida i skuleverket som tok sikte på å opplysa andre pedagogar, foreldre og barn om seksualitet.²³ I innleiinga vender Skjerve seg mykje mot foreldre (særleg mødrer) og lærarar. Ho skriv at det må stillast krav til deira kunnskapar. Boka verkar soleis å vera ei bok av og for pedagogar, samstundes som det er ei sjølvhjelpsbok for mødrer og døtrer. «Pedagogen» har eit klårare sikte mot foreldre og lærarar, då mykje av boka handlar om korleis ein konkret talar med unge om dei ulike emna.

²⁰ Skjerve, *Sundhetslære*, s.1.

²¹ Då det vert understreka at bøkene må sjåast i samheng, vel eg å sjå på dei som ein samla eining. I boka *Ungdommen i utviklingsalderen* (1931) er mykje av teksten identisk med tekstane i *Seksuallivet: råd og veiledning*, men boka er meir retta mot ungdommar enn mot pedagogar. Av den grunn vel eg å ha eit større fokus på *Seksuallivet* i denne oppgåva. Dersom ein skulle ha forska på korleis ein heilt konkret tala med ungdom om seksualitet, og ikkje på kva haldningar som eksisterte hjå pedagogar og elles i samfunnet, kunne ein vektlaagd den boka i større grad.

²² Dette vil også gjelda i fotnotane og i referanselista.

²³ Sjølv om Skjerve på dette tidspunktet budde og hadde sitt virke i Amerika og soleis også innsyn i det amerikanske utdanningssystemet.

3. Ei brytningstid.

For å fullt ut kunna forstå haldningane som kjem fram i kjeldematerialet, er det naudsynt å sjå dei i lys av si eiga samtid, og dermed sjå på korleis dei historiske rammene rundt kjeldene var. Mot slutten av 1880-talet vart seksualitet ein sentral tematikk i ein svært oppheta debatt i det norske ordskiftet. Denne debatten vart kalla for *sedelegheitsdebatten* og omhandla i fyrste omgang nye spørsmål knytt til seksualmoral som oppstod i samanheng med den veksande kvinnesaka og kvinnerørsla i perioden.²⁴

Sosiale endringar i samfunnet synte seg ikkje berre i samfunnsdebatten og det politiske Noreg, men også innanfor heimen. Frå slutten av 1800-talet og starten på 1900-talet skjedde det ei endring i den norske demografien. Fødselsrata i landet gjekk ned. Dette skjedde fyrst i dei øvre samfunnslaga, men etterkvart spreia det seg også i dei lægre.²⁵ Nedgangen hadde truleg samanheng med at ein inngjekk ekteskap seinare enn før, og at det reproduktive vindauga for kvinner soleis vart mindre.²⁶ Samstundes kan ein lesa om utviklinga i folkehelsestilstanden i Noreg i perioden i *Sundhetstilstanden og medicinalforholdene*. Her kan ein mellom anna lesa om situasjonen for veneriske sjukdommar i landet.²⁷ I Noreg auka dei melde tilfella av venerisk sjukdom mellom 1910 og 1930.²⁸

I tråd med endringa i den norske demografien og fødselsmønsteret, meldte spørsmål om familieplanlegging seg. Prevensjonsmiddel som kondom hadde vore kjend sidan slutten av 1800-talet, men nytta i så lita grad at det hadde lita verknad på fallet i fødselsrata. I den grad ein nytta prevensjon, var det naturlege metodar som gjaldt.²⁹ Nymalthusianarar, slik som t.d. Katti Anker Møller, arbeidde aktivt for å spreia informasjon om familieplanlegging og å opplysa om prevensjon trass i at Stortinget i 1891 hadde vedteke eit forbod mot reklame for og distribusjon av prevensjon. Forbodet stod til 1927.³⁰ Møller (med fleire) argumenterte for

²⁴ Svein Atle Skålevåg, «Kjønnsforbrytelser. Sedelighet, seksualitet og strafferett 1880- 1930» *Tidsskrift for kjønnsforskning* 33, (September 2009). 7-8.

²⁵ Ståle Dyrvik, *Den demografiske overgangen*. (Oslo: Det Norske Samlaget, 2016), ss. 76-77.

²⁶ Dyrvik, *Den demografiske overgangen*, s. 79.

²⁷ Statistisk sentralbyrå, 2004. «Sundhetstilstanden og medicinalforholdene .» 1910, 1920 og 1930. Henta 2. februar 2022 frå <https://www.ssb.no/helse/artikler-og-publikasjoner/en-avskyelig-flatulents>.

²⁸ Her må ein taka høgde for at det kan ha vore fleire som ikkje meldte inn sjukdom, sjølv om ein var pliktig til det, og at tala dermed ikkje kan seiast å vera heilt korrekte. Samstundes er føringa av dei meldte tilfella ulik for kvart tiår, og samanlikninga blir dermed meir grov.

²⁹ Dyrvik, *Den demografiske overgangen*, ss. 96-99.

³⁰ Gro Hagemann, «De stummes leir? 1800-1900» i *Med kjønnspektiv på norsk historie*, red. Ida Blom og Sølvi Sogner. (Oslo: Cappelen Akademisk Forlag, 2010), s. 173.

at kvinnene i landet sleit seg ut med for mange barnefødsler og ho uttalte «Kvinden må ikke vige tilbake for å søke råd om prevensjon».³¹ Kampen for prevensjon var også ein sentral del av kampen for eit betre liv for kvinner.³²

I ein skandinavisk samanheng vart det elles oppretta ulike organisasjonar som også arbeidde med seksualopplysning og prevensjon. I Noreg vart bladet *Populært tidsskrift for seksuell opplysning* gjeve ut mellom 1932 og 1935 av Sosialistiske legers forening³³, medan *RFSU, Riksförbundet för Sexuell Uppllysning*, starta sitt arbeid i Sverige, med norske Elise Ottesen Jensen i spissen.³⁴

Fleire argumenterte for eit behov for seksualopplysning i landets skular. I Oslo kom forplantningslære på timeplanen i 1936, men for resten av landet vart ikkje seksualundervisning inkludert som eit mål i skulen før ved innføringa *Normalplanen for byfolkeskolen i 1939*.³⁵ Under kapittelet om naturfagsundervisning, og undertematikken biologi, stod det at elevane skulle få undervisning i forplantning. Mål nummer fire var:

Å gi elevene saklige og korrekte opplysninger om forplantningen hos mennesket, så de lærer å se åpent og naturlig på dette livsområde, å vise alvor og respekt i omtalen av det og å forstå at deres ansvar her også omfatter omsynet til egen personlighetsvekst, til heim og til samfunn.³⁶

I kva grad denne undervisninga vart gjennomført og praktisert kan me ikkje seia med sikkerheit, då det ikkje var obligatorisk og motstanden mot denne typen undervisning framleis var stor.³⁷

Sjølv om seksualopplysning korkje var i læreplanen eller obligatorisk i perioden 1915 – 1930, engasjerte mange pedagogar seg i det offentlege ordskiftet, og fleire tekstar som liknar på Skjerve og «Pedagogen» sine vart gjevne ut.

³¹ Jenssen & Lønnå, *Katti Anker Møller*, s.161.

³² Jenssen & Lønnå, *Katti Anker Møller*, s. 199.

³³ Astrid Andresen og Kari Tove Elvbakken. «Karl Evang og mødrehygiesaken: Om lojalitet, nøytralitet og faglig uavhengighet i helseforvaltningen (1938-1972)» *Norsk statsvitenskapelig tidsskrift*. (Juni 2017):143.

³⁴ Telste, *Det rare*, s. 25.

³⁵ Telste, *Det rare*, s. 25.

³⁶ Kirke – og undervisningsdepartementet, 1939. «Normalplan for byfolkeskolen.» s.106.

³⁷ Telste, *Det rare*, s. 25.

4. Empiri og analyse.

Eg skal no taka føre meg kjeldematerialet og sjå nærmare på kva for haldningar og normer til seksualitet som kjem fram. Dette vert behandla tematisk. Innanfor kvart underkapittel skal eg fyrst sjå kvar bok for seg, kor eg ser etter kva som konkret står skrive i tekstane om den gitte tematikken. Deretter skal eg sjå haldningane bøkene gjev uttrykk for i samanheng med kvarandre, og soleis sjå kva det kan fortelja om generelle haldningar i perioden.

4.1 Forplantning og prevensjon.

4.1.1 Forplantning.

Sundhetslære for unge kvinder startar med kapittelet *Formering og forplanting hos planter og dyr*. Her gjer Skjerve greie for korleis forplantning skjer i dyre- og planteriket. Kapittelet er inndelt i fleire underkapittel som *cellen, formeringen hos de laveststaaende organismer, planterne, eggceller og spermatozoer, forplanting hos fiskene, fuglene og pattedyrene*. Den menneskelege forplantninga, eller reproduksjonen, vert i motsetjing til dyra og plantene sin reproduksjon ikkje behandla i eit og same kapittel, men ulike element av den vert behandla der det høver seg andre stadar. Dei fysiologiske og tekniske aspekta ved samleie vert behandla i kapitla om *forplantningen hos pattedyrene og menneskets forplantningsorganer*,³⁸ medan dei meir psykologiske aspekta med samleie, slik som t.d. lyst og val av partner, får plass under kapittelet om ekteskapet.³⁹ Sjølve reproduksjonen til mennesket får soleis plass under *forplantningen hos pattedyrene*. Her skildrar ein korleis pattedyra formerer seg, men ein skriv ikkje eksplisitt at også den menneskelege forplantninga skjer på denne måten. Men ettersom mennesket er eit pattedyr, kan ein ved analogi lesa det til å også gjelda menneske. Skjerve presenterer forplantninga her som eit naturleg fenomen, og får med koplinga til dyreriket ei naturvitskapeleg tilnærming til emnet.⁴⁰

I *Seksuallivet: råd og veiledning* gjer «Pedagogen» også greie for forplantninga, men på ein annan måte enn det Skjerve gjer. Der Skjerve fortel i djupna om dei ulike organa og prosessane ved forplantning, gjev «Pedagogen» ei meir generell «oppskrift» for korleis ein kan tala med born og unge om dette. For sjølve forklaringa av forplantninga refererer

³⁸ Boka til Skjerve inneheld også teikningar av dei menneskelege kjønnsorganana.

³⁹ Meir om dette under 4.2 *Ekteskap og forelsking*.

⁴⁰ Skjerve, *Sundhetslære for unge kvinder*, s.5.

«Pedagogen» faktisk til m.a. Skjerve si bok som eit døme på korleis ein *kan* framstilla det.⁴¹ «Pedagogen» vektlegg også viktigheita av å ha ei kopling mot det naturlege, og skriv at det er naudsynt å undervisa om menneskeleg forplantning saman med forplantninga i dyre- og planteriket.⁴² Men «Pedagogen» skildrar ei fagleg usemje om ein skal snakka om menneskeleg forplantning for seg sjølv eller saman med dyra. På den eine sida hevder «Pedagogen» at ein bør omtala sjølve samleiet mest mogleg nøkternt og å halda ein parallell mot dyreriket; « (...) så det hele kanskje kan virke mere som almindelig naturhistorie»⁴³. Hen påstår at dette kan vera lettare for lærarane, medan hen også erkjenner at det kan vera enklare for elevane å forstå, og ikkje misforstå, dersom ein snakkar meir inngående om mennesket.⁴⁴ «Pedagogen» tek ikkje eit klårt standpunkt til dette spørsmålet.

I oppskrifta for korleis ein kan snakka med elevane om forplantning vektlegg «Pedagogen» at det må vera «en naturlig tone over fremstillingen» og at ein ikkje skal svara usant på spørsmål frå barn om kvar dei kjem frå.⁴⁵ Likevel seier «Pedagogen» at visse spørsmål, slik som t.d. korleis barnet kom inn i magen til mora, altså spørsmål som rører direkte ved «den seksuelle akta», skal takast når barna er litt eldre. Soleis seier hen indirekte at forplantning ikkje er eit emne som passar seg for born, men heller for eldre klassetrinn. Vidare omtalar «Pedagogen» kjønnsorgana og deira tyding for forplantninga. Her unnlèt hen å omtala dei eksplisitt, men poengterer likevel: «Det er sørgelig at mange, når de får vite om disse ting, ser på det som noget stygt, for det er i sig selv vakkert og naturens store ordning for stadig å kunne skape nytt liv».⁴⁶

Etter at «Pedagogen» har gjort greie for korleis ei undervisning kan sjå ut, forklarar hen korleis ein avsluttar timen. I følge «Pedagogen» bør timen alltid slutta med at ein avleier samtalen og endar timen med noko heilt anna.⁴⁷ «Pedagogen» seier også: «Når der er klasseundervisning bør man sørge for at ikke den avgjørende seksuelle undervisning om forplantning hos mennesket, driftsliv og venerisk sykdom kommer som et helt isolert og altfor

⁴¹ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 75.

⁴² I denne oppfordringa refererer «Pedagogen» faktisk til framstillinga i Kristiane Skjerve si bok, då hen meiner at det er «Meget greit og lettfattelig.» «Pedagogen» refererer gjennomgåande i boka til Skjerve, særleg når det gjeld anatomiske framstillingar.

⁴³ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 77.

⁴⁴ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 78.

⁴⁵ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 75.

⁴⁶ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 76.

⁴⁷ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 76.

høitidelig kapitel.»⁴⁸ Desse fråsegna er i mine auge, døme på eit gjennomgåande paradoks hjå «Pedagogen». Sjølv om hen ser behovet for å opplysa og informera dei unge om seksuallivet, gjev hen likevel utrykk for at tematikken er eit emne som skal snakkast minst mogleg om, og at det er noko som berre høyrer klasserommet til. Slik eg les «Pedagogen», er hen svært oppteken av ei viss diskresjon i openheita, og seier mellom anna at det er viktig at barna ikkje fortel vidare om det dei har lært til andre yngre barn.

Det er nokre klåre fellesstrekk i framstillingane Skjerve og «Pedagogen» gav av forplantninga. Begge to hadde ei naturvitskapleg tilnærming til tematikken. Denne koplinga tolkar eg som ein måte å rettferdiggjera samtalen om reproduksjon ved å føye det inn i eit større system, og at ein dermed kunne «gøyma» den menneskelege forplantninga mellom dyr og planter. Eg kan tenkja meg at det var enklare for mange pedagogar å halda seg til ei slik framstilling, då det ikkje nødvendigvis lenger var knytt utelukkande til «det seksuelle spørsmålet»,⁴⁹ men til naturens gang. Både Skjerve og «Pedagogen» kan seiast å vera talspersonar for seksuell opplysning i skulen, men likevel var det som nemnt eit noko dempa fokus hjå begge forfattarane. Begge skreiv om det me i dag omtalar som *sameie*, som *forplantning*, og det vart soleis ikkje gjort nokon distinksjon mellom sameie for nyting, og sameie for reproduksjon. Ut frå dette kan ein lesa at det verkar å ha vore ein gjeldande tendens i perioden at ein hadde ei pragmatisk tilnærming til sameie; det vart betrakta som noko som var synonymt med forplantning, og dermed noko ein nærmast utelukkande skulle gjera med føremålet om å setja born til verda.

4.1.2 Prevensjon.

Sjølv om denne oppgåva tek føre seg det som *faktisk* står i stønadslitteraturen, er det i nokre høve like interessant å sjå på kva som *ikkje* står der. Dette er tilfellet ved prevensjonsmiddel. Ordet *prevensjon* er ikkje nemnd eksplisitt korkje hjå Skjerve eller «Pedagogen», og tematikken har i det heile fått liten plass i verka. Dette har truleg samanheng med tidspunktet då desse tekstane vart publiserte, då dei begge er skrivne innanfor forbodet for opplysning om prevensjon.⁵⁰

⁴⁸ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 75.

⁴⁹ Omgrep som både Skjerve og «Pedagogen» nyttar for å forklare debatten.

⁵⁰ Sjå 3. *Ei brytningstid* for meir om dette.

Skjerve kjem likevel indirekte inn på tematikken. Under *Svangerskapets varighet* skriv ho om når befruktning oftast inntreffer, men gjer lesaren likevel merksam på at det kan skje når som helst.⁵¹ Dette utfordra den feilaktige tanken mange hadde i samfunnet om sikkerheita til *naturlege metodar*, slik som t.d. *sikre periodar*, som prevensjonsmiddel.⁵² Skjerve kjem også dels inn på preventive middel når ho skriv om veneriske sjukdommar. Preventive middel må forståast som preventive for smittsam sjukdom, og ikkje for barneavgrensing i denne samanhengen.⁵³ Skjerve nemner at soldatar i utlandet får undervisning om korleis ein kan nytta smittedrepende medisin til å beskytta seg mot venerisk sjukdom, og skriv deretter: «Og der har været sagt, at om apotekerne utdelte sublimat eller andre desinfektionsmidler gratis, og lærte folk at holde sig rene, vilde det gjøre mer til utryddelse av veneriske sygdommer end alle moralens «du skal ikke.»»⁵⁴ Dette kan lesast som at Skjerve ber om ei relativt radikal politisk endring; å tilby ei gratis, og dels preventiv behandling for venerisk sjukdom. Samstundes tek ho eit oppgjer med seksualmoralen i samfunnet ved å diskreditera verknaden av den.

Elles er det slik at ein gjennomgangstone for framstillinga, særleg hjå «Pedagogen», er at seksualdrift er «fornemmelser der lett fører barn til en uvane».⁵⁵ Etersom «Pedagogen» gjev uttrykk for at seksualdrifta høyrer ekteskapet til, og ekteskapet skal resultera i born, kan mykje av boka lesast som ei oppmoding til utanomekteskapeleg fråhald.⁵⁶

4.2 Ekteskap og forelsking.

Skjerve har eit eige kapittel via til ekteskapet. Her skriv ho at ekteskapet er ein institusjon som er reservert for vaksne, men som unge jenter ofte gleder seg til. Ho gjer greie for når ei jente kan seiast å vera vaksen, og avkreftar den gjeldande tanken om at det er kvalifikasjon nok til å rekna ei jente som vaksen dersom ho har starta sin menstruasjon. Her påstår Skjerve at menstruasjon er eit teikn på at modningsida for unge kvinner har starta, og ikkje at modninga er fullført.⁵⁷ Skjerve skriv også at det er eit trist syn å sjå eit for ungt ektepar, då

⁵¹ Skjerve, *Sundhetslære*, s. 49.

⁵² Hagemann, «De stummes leir?», s. 173.

⁵³ I dag er prevensjon både sett på som eit middel for å avgrensa graviditetar, men også som eit middel for å stoppa spreinga av smittsame sjukdommar. Denne forståinga kan ikkje automatisk overførast til eit samfunn som ligg 100 år bak vår tid, og dermed låner eg denne definisjonen for å sjå på korleis Skjerve til dels snakkar om ein form for prevensjon.

⁵⁴ Skjerve, *Sundhetslære*, s.105.

⁵⁵ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s.80.

⁵⁶ Meir om syn på ekteskapet i neste delkapittel.

⁵⁷ Skjerve, *Sundhetslære*, s.39.

«livets alvor vil sette sine merker på dem».⁵⁸ Difor skisserer ho ein «regel» for ein alder jenter bør ha nådd før dei inngår ekteskap. Denne alderen er 20 til 22 år. Ho understreker likevel at dette ikkje er ein absolutt sanning eller ei bestemt grense, men eit råd, då ingen utviklar seg likt.⁵⁹

I samband med denne «aldersgrensa», gjer Skjerve også ein distinksjon mellom ungdomstid og ekteskap. I følge Skjerve skal ungdom more seg, og ho skildrar ungdomstida som ei tid for fornøyelsar - «sorgløs hengivelse til øieblikkets moro» - og tida der ungdommen har heile verda føre seg.⁶⁰ Ekteskapet vert ungdommens motvekt, og er på den andre sida skildra som ein ansvarstung arena med plikter, laster og «livets alvor». Særleg moderskapet vert skildra slik, og i boka gjer Skjerve eit poeng av å gjera jenter medvitne om kva endringar ekteskap, og eit påfølgande svangerskap, faktisk inneberer, både kroppsleg, men særleg for deira åndelege utvikling.⁶¹

Kapittelet har også eit fokus på kjærleik og forelsking, og inkluderer konkrete «kjærleiksråd», mellom anna for val av partner. Skjerve skriv at ein ikkje treng å vera samde om alt, men ein «sjelelig enighet» må vera tilstades. Ho presiserer også at «Kjærlyghet må ligge i luften»,⁶² når ekteskap vert inngått.

I motsetjing til Skjerve har ikkje «Pedagogen» eit eige kapittel om ekteskap, men tematikken er ein gjennomgangstone i boka. «Pedagogen» skisserer opp eit sær normativt bilete på ekteskapleg samliv der seksualdrifter er ein fundamental kraft som ligg til grunn for mannen og kvinna sitt kjærleiksliv som har barn som endelig mål. Ettersom kjærleikslivet vert innlemma i ekteskapet, oppmodar «Pedagogen» til at ein dermed skal fråhalda frå omfamning, kyss og kjærteikn til den rette er funne og ekteskap er inngått.⁶³ «Pedagogen» påstår at «(...) varig forelskelse kan drive de unge til å sette sig høie mål mål i alle retninger»⁶⁴ og skriv soleis også om «den sjelefylte kjærlyghet», som eit positivt og viktig fundament for ekteskapet.

⁵⁸ Skjerve, *Sundhetslære*, s.41.

⁵⁹ Skjerve, *Sundhetslære*, ss. 39 – 40.

⁶⁰ Skjerve, *Sundhetslære*, s.41.

⁶¹ Skjerve, *Sundhetslære*, s.44.

⁶² Skjerve, *Sundhetslære*, s.43.

⁶³ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 83.

⁶⁴ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 84.

Begge forfattarane skildra ekteskapet som noko alvorsprega og seriøst, med ei direkte kopling til foreldrelivet. Dette kan seiast å ha resonans i samfunnet elles på den tida, då det ikkje var slik at ekteskap nødvendigvis føresette forelsking, men heller vart inngått av praktiske og sosiale årsakar. Legemlege sider ved ekteskapet vart også skildra som viktig, og samleie, som skulle resultera i born, vart soleis sett på som ein sentral og fundamental del av ekteskapet. At både Skjerve og «Pedagogen» likevel tematiserte kjærleik kan lesast som eit teikn på ei endring som var i ferd med å finna stad i samfunnet. Ekteskapet sin posisjon som ein samfunnsinstitusjon vart utfordra. Dette kjeldemateriale kan likevel ikkje, etter mi meining, lesast som eit trugsmål mot ekteskapets eksistens, men heller som eit bidrag til debatten om ein *ny ekteskapleg form*: det kjærleiksfulle, alderspassande, og vel område forholdet, men som framleis innebar tradisjonelt samliv med ekteskap.

4.3 Seksualdrift og onani

4.3.1 Seksualdrift.

Skjerve har ikkje via eit eige kapittel til seksualdrift,⁶⁵ men tematikken dukkar mellom anna opp under delkapitlet *kjønnsmodningen hos mannen*, og naturlegvis under ekteskapet, då det som nemnd vart sett på som den primære instansen for seksuell omgang. Skjerve nemner at seksualdrifta er ibuande i mennesket og vert vekka i ungdomstida då det oppstår «en sterk, naturlig trang til at tilfredsstille». I den samanheng oppfordrar ho føresette til å halda borte det som «egger og frister» frå borna.⁶⁶ Her ser ein at ein legg føringar for når, og kvar seksualitet vert sett på som ynskjeleg. Sjølv om seksualdrift vert skildra som ein naturleg oppstått drift i ungdomsåra, er det uynskt å agera på det.

Dei psykologiske aspekta ved seksualitet, slik som lyst, vert tematisert i nokon grad. Skjerve skriv at begge partar må respektera kvarandre sine kjensler «hvad det rent seksuelle angaar». Vidare skriv ho at den mannlege seksualdrifta ofte er sterkare enn den kvinnelege.⁶⁷

«Pedagogen» definerer samleie slik: «Denne handling kalles samleie, og det er naturens store og vise ordning for å stadig kunne holde slekten ved like».⁶⁸ Denne definisjonen er relativt

⁶⁵ Ordet vert heller ikkje nytta i boka, ei heller *driftsliv*. Når Skjerve skriv om dette kallar ho det ofte *drifter*.

⁶⁶ Skjerve, *Sundhetslære*, s.36.

⁶⁷ Skjerve, *Sundhetslære*, s. 43.

⁶⁸ «Pedagogen», *Seksullivet*, s.80.

konservativ, og definerer samleie utelukkande som ein akt for å få born. Tidlegare las me at «Pedagogen» betraktar det å få born som det endelege målet for ekteskapet.⁶⁹ Med dette vert det implisert at seksualdrifter er noko som høyrer ekteskapet til, og at det difor ikkje nødvendigvis er til for nyting, men for reproduksjon. Dette vert også understreka: «Vi forstår da at denne legemlige side av ekteskapet ved den sjelefulle kjærlighet som ligger til grunn, heves til noget høiere enn den blotte tilfredsstillelse av disse krefter uten noget verdig mål.»⁷⁰

I likskap med Skjerve anerkjenner «Pedagogen» at mennesket har *seksualdrifter* som vaknar tidleg i den formative alderen. «Pedagogen» vektlegg likevel i større grad at seksualitet ligg latent hjå born, og at ein har umedvitene drifter tidlig i barneåra som vert vekka til live att i ungdomsåra. Men desse driftene vert også her skildra som noko ein ikkje skal agera på.⁷¹ «Pedagogen» skildrar seksualdrifta som ein «samfunnsfare» og det vert sidestilt med t.d. «rusdrikkene»⁷². «Pedagogen» poengterer også at det er naturleg å ha tankar og fantasiar om driftslivet utan at ein har «en smussig fantasi», men hen seier også: «Uten alvorlig grunn skal vi aldri tale om slike ting.»⁷³ Altså seier «Pedagogen» at ein dels kan tenka tankane, men helst ikkje snakka om dei.

Av likskapar kan me sjå at begge forfattarane såg på seksualdrifter som ein del av ekteskapet mellom mann og kvinne. Begge forfattarane skildra seksualiteten som noko som vakna til liv særleg i puberteten. Likevel er det interessant at «Pedagogen» skriv i langt større grad om seksualitet hjå barn enn Skjerve. Dette har truleg samband med tidsperspektivet. Ettersom at *Seksuallivet* vart gitt ut 10 år etter *Sundhetslære*, hadde tanken om barnleg seksualitet festa seg meir i samfunnet, og psykologar som Sigmund Freud og psykoanalysen var i vinden.⁷⁴

4.3.2 Onani

Hjå Skjerve havnar informasjonen om onani under kapittelet for kjønnsmodning hjå mannen, og vert soleis unnlate i kapittelet om kjønnsmodninga hjå kvinna. Onani, eller «selvbesmittelse», vert omtala i samband med seksualdrifta. Onanien vert frårådd, men ho skildrar onani som langt mindre farleg enn det ein tidlegare hadde trudd. Skjerve fortel om

⁶⁹ Sjå 4.2 *Forelsking og ekteskap* for meir om dette.

⁷⁰ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s.75.

⁷¹ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s.80.

⁷² «Pedagogen», *Seksuallivet*, s.75.

⁷³ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 84.

⁷⁴ «Pedagogen» refererer fleire gonger til Freud og hans tankar. Skjerve nemner han ikkje.

kva informasjon som til no har prega oppfatninga til ålmenta om onaniens farar. I følge Skjerve har dei som ho kallar «kvakksalvarar»,⁷⁵ reklamert og overdrive betrakteleg for negative biverknadar av onani. I fylgje ho har dei ymta om sinnsjukdom og sjølvmondsmani.⁷⁶ Skjerve på si side stadfestar at det har vore eit skifte i samfunnet, særleg mellom fagfolk, i kva for oppfatningar ein har rundt biverknadane av onanien. Ho stadfestar at dei tidlegare førestillingane var overdrivne og utan grunn.

Hjå «Pedagogen» er onani ein tematikk som vert behandla i langt større grad enn hjå Skjerve. Tematikken inngår både i eit eige kapittel om emnet, men også under kapittelet *Driftslivet*. I kapittelet *Opplysninger og praktiske vink for å verne og hjelpe mot onani uten å vekke sinnslidelse (sjelelidelser)*, skriv «Pedagogen» om korleis vaksne kan stansa born frå å verta «onanister». ⁷⁷ Her vert det lista opp konkrete tips, som t.d. å unngå å la barnet rida ranke på låret til vaksne og å avstå frå ris som avstraffingsmetode, for å nemna noko, då det kan verka opphissande for onani.⁷⁸ «Pedagogen» understreker likevel at ein del av gjerningane born gjer er «en svært uskyldig vane, hvis den da ikke overdrives». ⁷⁹ Onani vert skildra som noko som primært opptre i to bolkar i livet; i småbarnsalderen, før det så kjem att i puberteten.⁸⁰ Vidare gjer hen i likskap med Skjerve eit poeng av at det onani er langt mindre farleg enn det tidlegare har vorte gjeve uttrykk for. «Pedagogen» understreker at frarane rundt onani har vorte overdrivne, men skisserer likevel opp ein del farar som er direkte konsekvenser av onani.⁸¹

Sjølv om onani vert omtala i stor grad, og farane ved det vert dyssa noko ned, gjev korkje Skjerve eller «Pedagogen» onanien grønt lys. Skjerve peiker på at «abnormt anlæg snarere er aarsak til onanien og ikke dens virkning.», og understreker at onani kan svekka den mannlege

⁷⁵ Ho gjev ikkje ei nærmare forklåring på kven som vert inkluderte i dette omgrepet.

⁷⁶ Skjerve, *Sundhetslære*, s.36.

⁷⁷ Her stør «Pedagogen» seg på den norske legen Dr. Vogt (som også har skrive eit innleiingskapittel i straten av boka) og fleire utanlandske legar og psykologar. Hen syner til deira erfaringar med born og seksualitet og særskilt onani. Hen referer mellom anna til Dr. Moll, Ellis, Freud og Cameron.

⁷⁸ Noko interessant med oppmodinga om å unngå bruk av ris er motivasjonen for det. I dag ville me gjerne tenkt at ein skal unngå ris då fysisk avstraffing ikkje er av omsyn til barnet sitt beste, men her er altså motivasjonen å unngå seksuell opphissing i barnealderen.

⁷⁹ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 21.

⁸⁰ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 23.

⁸¹ Mellom anna impotens vart lista opp som ein konsekvens av onani.

kjønnsorganet sin verknad.⁸² «Pedagogen» skildrar onani som ei dårleg uvane som unge gutar og jenter må læra seg av med, og at ein kan nytta Gud som hjelp ut av det.⁸³

Det som likevel er tydeleg er at begge tekstane syner å gi uttrykk for ei endring som har starta, og er i ferd med å skje i si samtid. Sjølv om onani ikkje vart omtala eller sett på som noko «normalt» eller ynskjeleg, slik det i meir eller mindre grad vert gjort i dag, var likevel begge forfatterane opptekne av å formidla til lærarar, føresette og born at skremminga som tidlegare hadde vore gjeldande, måtte dempast (men ikkje nødvendigvis stoppast). Begge oppfordra også til å ikkje leggja skam på born som dreiv med dette.⁸⁴ Dette kan tolkast som eit tidleg steg på vegen mot ei ufarleggjering av utforsking av personleg og utanomekteskapeleg seksualitet.

4.4 Kjønnsroller.

I stønadslitteraturen finn ein klare haldningar til kva som er forventa åtferd for dei ulike kjønna.⁸⁵ Desse kjønnsrollene kjem til uttrykk ulike stadar.

Hjå Skjerve er kjønnsroller er ein gjennomgangstone for heile boka. Ser me t.d. på kva for eit redaksjonelt utval ho har føreteke i skrivninga av kapitla om kjønnsmodning hjå kvinna og mannen, ser ein klare skilje i kva som har vorte teke med og ikkje hjå kjønna. Når Skjerve gjer greie for kjønnsmodninga hjå kvinna, kan ein sjå at store delar av teksten er via til fysiske endringar med kroppen. I dette kapitlet gjer ho greie for kva menstruasjon er, korleis det går føre seg og tips og triks for å handtera menstruasjon. Det er tips for korleis ein lagar sitt eige sanitetsbind, og triks som nytting av varmeflaske for å døyve smertene.⁸⁶ Elles vier også Skjerve plass til å tala om utflod, overgangsalderen, framvekst av bryst, konsekvensar av korsett og for tronge klede og livmorskreft. Når det gjeld den mannlege kjønnsmodninga vert det også til ein viss grad skriven om fysiske endringar slik som t.d. ved utviklinga testiklane og starten på sædproduksjon. Til forskjell frå delen om den kvinnelege kjønnsmodninga tek Skjerve opp emne som ikkje berre går på fysiske endringar, men der det seksuelle aspektet

⁸² Skjerve, *Sundhetslære*, s. 37.

⁸³ Sjølv om Kristiane Skjerve sjølv og var kristen og hadde studert teologi, skriv ho ikkje om gud og religion som ein utveg frå uynskja åtferd slik som «Pedagogen» gjer.

⁸⁴ «Pedagogen», *Seksuallivet* s. 31 og Skjerve, K. *Sundhetslære* s.37.

⁸⁵ I stønadslitteraturen er omgrepet *kjønn* knytt til mann og kvinne, og inkluderer soleis ikkje nokre andre kjønnsalternativ. Ettersom bøkene berre forhold seg til to kjønn, vil eg også gjera det i denne oppgåva.

⁸⁶ Skjerve, *Sundhetslære*, ss. 28-34.

kjem inn, slik som t.d. onani. Slik eg les det, vert den mannlege puberteten i langt større grad knytt til seksuell oppvakning enn den kvinnelege. Dette vert også understreka ved at Skjerve poengterer i kapitelet om ekteskapet at «som regel er vel mandens seksuelle drifter sterkere end kvindens, og lettere at vække.»⁸⁷

Men endringar i kjønnsroller er også tilstades. Skjerve tek til orde for ein reduksjon av skilelinene mellom kjønna, og dette kan ein i fylgje henne oppnå ved å auka samvær mellom kjønna i samfunnet og i skulen. Slik vil ein unngå at ein dannar seg misoppfatningar om kvarandre. Når Skjerve gjer greie for kvifor boka er eit naudsynt bidrag til samfunnet, fortel ho om viktigheita av ei mor som kan snakka med barna sine om seksualitet, pubertet og seksualliv. Slik eg ser det, oppmodar Skjerve ikkje berre til eit samfunn med opplyste lærarar og elevar (særleg unge kvinner), men til eit samfunn med opplyste mødrer. Generasjonen av mødrer i 1916 var strengt oppdratt i ein kultur der uvitskap var sentralt i kvinnerolla. Mange mødrer hadde difor ikkje tilstrekkelege kunnskapar for å tala med borna sine om kjønnslivet.⁸⁸ Dette vil Skjerve til livs. Ho tek eit oppgjær med denne tradisjonen og presenterer eit alternativ der den opplyste kvinna er eit nytt ideal.

«Pedagogen» gjev stort sett utrykk for eit svært klårt kjønnsrollemønster. Hen skriv mellom anna: «Mange kvinner begynte med frihet og gled langsomt helt ut, likesom denne frihet kan føre den unge mann vidare ut i samliv med løse kvinner (prostituerte kvinner).»⁸⁹ Denne setninga, er etter mi meining, ei normativ kategorisering av kjønna. Her vert meir eller mindre seksuelt frigjorte kvinner skildra som freistarinner, medan menn vert skildra som ei gruppe som lett let seg freista.

Likevel er det nokre tendensar som peiker i kvinnesakens favør. For sjølv om «Pedagogen» seier t.d. at kvinna i utgangspunktet er skapa til å få barn, peiker hen også på at kvinna sitt kall ikkje berre kjem til sin fulle rett i ekteskapet, og seier dermed indirekte at kvinner som korkje gifter seg eller får born kan få meining i livet. «Pedagogen» understreker dette og skriv: «På den som ikke gifter sig, venter nok av store oppgaver hvor kvinnelig ømhet og evner høilig trenges, og som gjør livet rikt for en selv.»⁹⁰ Sjølv om Pedagogen gjennomgåande verkar å ha

⁸⁷ Skjerve, *Sundhetslære*, s.43.

⁸⁸ Telste, *Det rare*, s. 20.

⁸⁹ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 84.

⁹⁰ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 86.

ei meir konservativ tilnærming enn Skjerve, gjer hen derimot, som nemnd tidlegare, eit noko uventa poeng av at onani er noko som både gjeld gutar og jenter,⁹¹ og understreker at «De to kjønn er temmelig like på dette område.»⁹² På den måten anerkjenner hen kvinneleg seksualdrift i større grad enn tidlegare.

Ut frå dette kan me sjå at haldningane til kjønn og kjønnsroller gjennomgjekk ei endring på denne tida, men det var ei gradvis endring. Endringane gjaldt kanskje i større grad kvinner. Det må nemnast at begge bøkene låg vekt på tematikkar som var tett knytt til kvinna, der dei såg det som naudsynt å informera særskilt kvinner. Begge gjorde greie for at seksuallivet hos kvinna hadde vore framvist «usant» eller «tildekka», men no vart det tematisert i større grad. Desse tankane fortel oss om ei endring av kvinnerolla sitt fundament, og eit meir komplekst syn på kvinneleg sjele- og seksualliv. Tanken om å vera uopplyst, var i ferd med å verta erstatta av dyden av opplysning.

4.5 Veneriske sjukdommar.

Skjerve vier eit heilt kapittel til *veneriske sygdommer*. Kapitlet tek føre seg både konkret opplysning om dei mest utbreidde seksuelt overførbare sjukdomane slik som *syfilis*, *gonorrhoe* (*dryppert*) og *den bløte chanker*. Her vert det presenter informasjon om førebygging og læking av sjukdommane.

Det kjem tydeleg fram at veneriske sjukdommar var eit tabufult emne på denne tida. Skjerve omtalar dei veneriske sjukdommane som ein samfunnsfare av verste sort, men som ikkje får den merksemda som det har behov for. Ho understreker dette: «Det synes underlig at en samfunsdssygdome med saa vidtrækkende følger ikke tales om, skrives om, advares imot i langt høiere grad end tilfældet er».⁹³ Skjerve argumenterer for at trass i at venerisk sjukdom skal behandlast på same måte som annan smittsam sjukdom, slik som t.d. tyfus og koppar, ikkje har lik behandling.⁹⁴ Ho påstår at ettersom den veneriske sjukdomen «ervhverves paa forbudne veier»,⁹⁵ vert pasienten påført eit negativt stempel som gjer at ulike samfunnsinstitusjonar utelet å ta vidare grep om situasjonen. Skjerve omtala uvitenheita som

⁹¹ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 81.

⁹² «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 3.

⁹³ Skjerve, *Sundhetslære*, s.103.

⁹⁴ Dette var nedfelt i *Sundhetsloven*.

⁹⁵ Skjerve, *Sundhetslære*, s.103.

øydeleggjande, og at dersom folk hadde vore meir opplyste om denne typen smittsame sjukdommar, ville ein ha kome langt på veg med å nedkjempa det. Trass i at Skjerve sjølv var kristen, tek ho eit oppgjer med religion og moral som vern mot veneriske sjukdommar. Ho tek til orde for at religion, vitskap og moral må spela på lag for å motkjempe venerisk sjukdom, og understreker at når fleirtalet i folket ikkje lenger er einige i dei gamle skikkane, må det nye kome fram.⁹⁶

«Pedagogen» tematiserer også veneriske sjukdommar. I likskap med Skjerve vert det gjort greie for tre ulike typar sjukdommar. *Dryppert* og *syfilis* vert nemnde med namn, medan den siste sjukdommen berre vert skildra som ein sjukdom som opptrer med sår på kjønnsorgana.⁹⁷ «Pedagogen» si tilnærming er mindre liberal enn Skjerve si, men hen har likevel ein bodskap om openheit. «Pedagogen» oppmodar dei som er engstelege for å ha vorte smitta om å oppsøkje legehjelp tidleg, slik at dei kan verta friske før det får meir alvorlege konsekvensar. Hen oppmodar også om å ikkje gå til «kvakksalvere» og «patentmedisin» for behandling.⁹⁸ Det vert også gjort eit poeng ut av å opplysa om korleis slik sjukdom *ikkje smitter*, altså at berøring av friske lekamsdelar eller luftsmitte ikkje er tilfellet.⁹⁹

Ut frå dette kan ein antaka at synet på venerisk sjukdom var i endring. Begge forfattarane gav uttrykk for ei haldningsendring i samfunnet, då dei oppmoda om openheit om opptreden og utbreiinga av denne typen sjukdom, og råda dei som var råka om å søka behandling. Likevel kan ein lesa at denne typen smittsam sjukdom framleis vart betrakta som eit tabufult emne i samfunnet.

5. Konklusjon – Kunsten å balansera på ein knivsegg.

I denne oppgåva har eg sett nærmare på framstillingar av og haldningar til seksualitet i stønadslitteratur laga av lærarar i perioden 1915 – 1930. Primærkjeldene eg valde ut var to verk av to ulike pedagogar *Sundhedslære for unge kvinder* av Kristiane Skjerve, og *Seksuallivet: råd og veiledning* av «Pedagogen». I kjeldene såg eg på ulike tematikkar som

⁹⁶ Skjerve, *Sundhedslære*, s.106.

⁹⁷ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 88.

⁹⁸ «Pedagogen», *Seksuallivet*, s. 87.

⁹⁹ «Pedagogen», *Seksuallivet*, ss. 87 – 88.

omhandla seksualitet for å koma nærmare ei oppfatning av kva for haldningar som eksisterte i det norske samfunnet i perioden.

Det er tydeleg at bøkene, trass i at dei var «lærebøker» og soleis hadde ein opplysende funksjon, også hadde både ein klår normativ og politisk grunntone. Det normative kom til uttrykk i dei klare haldningane som forfattarane presenterte. Haldningane som framkom innebar eit syn på seksualitet som noko som primært vart sett på som ein del av ekteskapet. Tanken om ekteskapet som «könslivets kontrakt», slik Laskar skildrar det, var gjeldande. Dette kom til syne ved at seksualdrifta til mennesket vart anerkjend og dels opplyst om, men direkte kopla mot reproduksjon. Koplinga mellom seksualdrift og reproduksjon gjorde, anten forfattarane meinte det slik eller ikkje, at onani, individuell seksualitet og utforsking av eigen kropp, vart betrakta som ein uting som burde arbeidast mot. Haldningane som forfattarane synte peikte også på heilt tydelege kjønnsrollemønster der menn var den seksuelt aktive part, med ei svært levande seksualdrift, medan kvinner var den passive part. Likevel synte forfattarane at det var mykje endring i haldningar i perioden, til mellom anna syn på venerisk sjukdom og kjønnsrollemønsteret. Særleg kvinnerolla endra seg.

Slik Byrman såg i si forsking, er det også ei klår politisk-ideologisk grunntone tilstades i desse bøkene. Slik eg ser det, var det særleg to viktige politiske budskapar: 1) Å tala om seksualitet i skulen, og 2) Å opplysa særleg kvinna om kropp og kjønnsliv. Ettersom begge tekstane vart skrivne før 1939, vart dei soleis også skrivne før innføringa av seksualundervisning som eit mål i skulen gjennom *Normalplanen for byfolkeskolen*. Dermed var både Skjerve og «Pedagogen» tidlege advokatar for innføringa av ei form for seksualundervisning i skulen, høvesvis 23 og 13 år før den formelle innføringa. Forfattarane involverte seg også, anten medvite eller umedvite, i det tidelge 1900-talet sin kvinnekamp. Begge talte for at foreldregenerasjonen i perioden var for dårlig opplyst når det gjaldt anatomi og fysiologi, og at det var eit viktig grunnlag for den komande generasjonen sin kunnskap at også foreldregenerasjonen vart opplyst. Både Skjerve og «Pedagogen» poengterte at mødrer stod i ein særposisjon som oppdragar og dermed også som formidlar av denne informasjonen. Som ein konsekvens av dette, føyer begge bøkene seg inn i kamplitteratur for det nye kvinneidealet. Dessutan hadde Skjerve ei klår politisk kopling då boka er direkte knytt til organisasjonen Norske Kvinners Nasjonalråd (NKN), som arbeida målretta for kvinnesaka.

Det er tydeleg at standpunkta som forfattarane tok tidvis var krevjande å taka, og bringa med seg etiske dilemma. Seksualitet, med alt det innebar, var framleis eit svært tabulagd tema og noko som ikkje skulle tilleggjast for stor verdi (korkje i klasserommet eller elles i samfunnet). Samstundes skulle ein syta for at samfunnsborgarane vart opplyste og hadde tilstrekkeleg med informasjon om eigen kropp og eige seksualliv, slik at dei kunne halda seg sunne. Etter mi meining kan denne perioden kallast for «ei brytningstid». Med dette meiner eg at det var ei tid der to ulike omsyn, opplysning og tilbakehald, som tilsynelatande er motstridane, møttest og eksisterte samstundes i ein symbiose. Denne brytningstida synte seg i korleis forfattarane førte sin penn. Ser ein dei to tekstane mot einannan, vert det tydeleg at både Skjerve og «Pedagogen» heile tida balanserte på ein knivsegg, der dei konstant fann seg i eit skjeringspunkt mellom kva ein *kunne*, og *ikkje kunne* skriva om, og kva for formuleringar som kunne tåla dagens lys. Bøkene ber, slik eg ser det, preg av sjølvensur. Ein god illustrasjon på dette er måten Skjerve skreiv seg rundt forbodet om opplysning om prevensjon. Eit anna døme er koplinga begge forfattarane drog mot dyreriket når ein skulla tala om forplantning. Ein ville kanskje eigentleg snakka mest om den menneskeleg forplantninga, men anerkjende at det var vanskeleg å tala opent om. Det var ei trong om diskresjon i openheita, og i tråd med det Foucault skreiv om seksualitet som noko tildekkja, ser ein at ein forsøkte å gøyma den menneskelege reproduksjonen mellom dyre- og planteliv. Likevel, beherska Skjerve og «Pedagogen» kunsten å balansera på ein knivsegg, då dei fekk sagt mykje av det dei ville seia, sjølv om det tidvis måtte pakkast inn.

I tråd med Skundberg si forskning, ser eg også *den pedagogiske diskursordenen* som tilstades i desse bøkene. Begge tekstane gav uttrykk for ein sosialiseringsprosess der lærarar og foreldre var ansvarlege for å gripa fatt i den barnlege og ungdommelege seksualiteten, og omforma den slik at den passa inn storsamfunnet sine normer. Som nemnd var læraren sitt mandat og samfunnsansvar den gong, men også i dag, å vidareføra gjeldande samfunnsverdiar til dei komande generasjonane. Det gjaldt ikkje berre kva for konkrete matte- og norskkunnskapar ein skulle gi elevane, men også ein danningprosess der lærarane, saman med føresette, vidareførte samfunnshaldningar til det forventta vaksenlivet. Ettersom desse bøkene også anerkjende at føresette ikkje hadde tilstrekkeleg kunnskap, og bøkene skulle vera til hjelp for føresette, kan ein etter mi meining soleis seia at desse pedagogane sitt mandat vart utvida til også å vidareføra samfunnsverdiar til foreldregenerasjonen.

Ut frå dei presenterte funna kan ein seia at synet på seksualitet på mange måtar vart utfordra, utforska og endra i perioden, samstundes som det framleis var tabu. For sjølv om begge forfattarane i mange høve gav uttrykk for liknande og samanfallande haldningar, kan ein likevel sjå at sjølv bland dei relativt liberale pedagogane som skreiv om emnet, som ein kan seia at både Skjerve og «Pedagogen» var, var det eit spenn i meiningar. Det var også mange lærarar som fann seg på den meir konservative fløyen i *det seksuelle spørsmålet*. Det er dermed uvisst om, og lite truleg at desse haldningane som eg har presentert i denne oppgåva kan overførast til absolutt alle lærarar som hadde sitt virke i perioden. Likevel, ettersom det tidvis vart synt relativt stor ulikskap mellom meiningane til Skjerve og «Pedagogen», er det slik eg ser det truleg at den gjengse oppfatninga mellom pedagogane kan finnast ein stad i midten, og dermed at dei samanfallande haldningane mellom dei to forfattarane kan ligga nært opp mot eit representativt bilete av haldningane i perioden.

Kjelder

- Beck, Wilhelm. *For og mot prevensjonen: dør det norske folk ut?* Oslo: Norges kirkelige landslag 1935.
- Danbolt, Niels. *Lærebok for sykepleiersker bind III: Kjønnssykdommer*. Oslo: Fabritus, 1941.
- Kirke – og undervisningsdepartementet, 1939. «Normalplan for byfolkeskolen.» .
- «Pedagogen». *Seksuallivet: råd og veiledning*, Oslo: Fabritus og sønner forlag, 1926.
- «Pedagogen». *Ungdommen i utviklingsalderen: en samtale om kjønnslivet*, Oslo: Fabritus og sønner forlag, 1926.
- Quisling, N.A. *Sundhetslære for kvinder*, Kristiania: Grøndahl & søn, 1914.
- Sethne, Anna. «Kristiane Skjerve». *Norges Kvinder* 5, 145, 1925, s.2.
- Skjerve, Kristiane. *Sundhetslære for unge kvinder*. Kristiania: H. Aschehough & CO, 1916.
- Statistisk sentralbyrå, 2004. «Sundhetstilstanden og medicinalforholdene .» 1910, 1920 og 1930. Henta 2. februar 2022 frå <https://www.ssb.no/helse/artikler-og-publikasjoner/en-avskyelig-flatulents>.

Litteratur

- Andresen, Astrid og Kari Tove Elvbakken. «Karl Evang og mødrehygienesaken: Om lojalitet, nøytralitet og faglig uavhengighet i helseforvaltningen (1938-1972)» *Norsk*

statsvitenskapelig tidsskrift. (Juni 2017):137 – 154

<https://www.idunn.no/doi/10.18261/issn.1504-2936-2017-02-03>.

Dyrvik, Ståle. *Den demografiske overgangen*. Oslo: Det Norske Samlaget, 2016.

Eldforsen, Klara og Anna Johansson. «*Ett genusperspektiv är förstås också mycket viktigt*»: *en diskursanalys av normer och värden i Skolverkets stödsmaterial får sex – och samlevnadsundervisning i historia*». Malmö: Malmö Högskola, 2016.

Foucault, Michel. *Seksualitetens historie 1: Viljen til viten*. Overs. Espen Schanning. Halden: EXIL, 1995 (1976).

Hagemann, Gro. «De stummes leir? 1800-1900». i *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*, red. Ida Blom og Sølvi Sogner. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag, 2010.

Jenssen, Jens Olai og Elisabeth Lønnå. *Katti Anker Møller: En biografi*. Oslo: Pax forlag, 2021.

Laskar, Pia. *Ett bidrag till heterosexualitetens historia: Kön, sexualitet & njutingsnormer i sexhandböcker 1800-1920*. Stockholm: Modernista, 2005.

Myrhe, Reidar. *Den norske skoles utvikling*. Oslo: Gyldendal, 2002.

Skundberg, Øystein. ««Du skal have agtelse for ditt eget lille legeme»: Barn og unges seksualitet i tekster om oppdragelse 1792-1952». Doktogradsavhandling, Høgskolen i Innlandet, 2018.

Skundberg, Øystein. «Hva jenter må vite: Kristiane Skjerve, Sundhetslæren og jenters seksualitet». henta 2. februar 2022 frå <https://utdanningsforskning.no/artikler/2018/hva-jenter-ma-vite-kristiane-skjerve-sundhetslaren-og-jenters-seksualitet/>.

Skålevåg, Svein Alte. «Kjønnsforbrytelser. Sedelighet, seksualitet og strafferett 1880- 1930» *Tidsskrift for kjønnsforskning* 33, (September 2009): 7-25.

Telste, Kari. *Det rare: jenter og seksualitet gjennom 100 år*. Oslo: Schibsted NKS, 2005.

Tønnessen, Liv Kari B. *Norsk Utdanningshistorie: En innføring med fokus på grunnskolenes utvikling*. Bergen: Fagbokforlaget, 2004.